

Roar Stokken

Ei samling å lære av

- evaluering av ei kurssamling



HØGSKULEN I VOLDA

2003



MØREFORSKING

Prosjektinformasjon

Prosjekt	Pronett: Prosjekt for nettbasert og nettstøtta læring
Prosjekteigar	Høgskulen i Volda ved KEV
Finansiering	Høgskulen i Volda
Forfattar	Roar Stokken
Tittel	Ei samling å lære av - evaluering av ei kurssamling
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
Distribusjon	Verdsveven
ISBN	82-7661-173-7
ISSN	0805-6609
Sitert som	R. Stokken (2003). Ei samling å lære av - evaluering av ei kurssamling, Volda, Høgskulen i Volda.

Innhald

1	Innleiing.....	1
1.1	Bakgrunn for dette arbeidet.....	1
1.2	Konklusjonane i arbeidet	1
2	Bakgrunn	3
2.1	Om kurset som er evaluert	3
2.1.1	Arbeidsmåtar/organisering	3
3	Metoden.....	4
3.1	Kvalitativ metode.....	5
3.2	Metodologi.....	5
4	Evalueringa.....	7
4.1	Teknisk avvikling.....	7
4.1.1	Kursstad	7
4.1.2	Undervisningslokale.....	8
4.1.3	Mottaking og servering	8
4.2	Grppesamansetjinga	9
4.2.1	Deltakarane	9
4.3	Kurset.....	9
4.4	Samlinga	10
4.4.1	Det sosiale	11
4.4.2	Innhaldet.....	11
4.4.3	Refleksjonsnotat.....	12
4.5	Øktene	12
4.5.1	Økt 1.....	13
4.5.2	Økt 2.....	14
4.5.3	Økt 3.....	16
4.5.4	Økt 4.....	17
4.6	Utkome.....	17
5	Litteratur.....	18
	Vedlegg: Kjelder.....	19
	Skjema.....	19
	Evalueringar levert i skjema.....	19
	Levert utanfor skjema.....	25

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for dette arbeidet

KEV ynskjer å styrkje sin kompetanse innan avvikling av kurs. Med eit nytt mandat og ei ny rolle ser ein at KEV sitt ansvar i organisasjonen er endra i form av at ein må ta hand om andre, og kanskje litt vidare arbeidsoppgåver.

Eit sentralt problem for KEV har vore ein mangel på akkumulering av kunnskap knytt til dei einskilde tiltaka. Dette søker ein å rette på ved å gjere grundige studiar av nokre tiltak. Målet er å heve medvitet om kompetanseutvikling rundt kursavvikling, og utvide gruppa for innsikt i korleis vi arbeider for å auke vår eigen gjennomføringskompetanse. Første samling i kurset i skuleleiing er eitt av dei tiltaka vi har valt å arbeide med.

1.2 Konklusjonane i arbeidet

Den etterfølgjande teksta underbyggjer desse konklusjonane:

- Ein bør legge brorparten av samlingane til nordsida av Romsdalsfjorden. Samstundes ser det ut som om ei plassering av første samling i Volda var eit godt val. (Kapittel 4.1.1 *Kursstad*)
- Vi må i framtida i større grad bu deltakarane på kva som kjem på samlingane, og førelesarane på kven som er på samlingane. (Kapittel 4.4.2 *Innhaldet*)
- Vi bør i det følgjande nytte meir tid til å planlegge før- og etterarbeidet slik at det i større grad bitt samlinga saman med heimearbeid. (Kapittel 4.4.3 *Refleksjonsnotat*)
- For å sikre betre undervisningslokale må KEV gå inn i ein tettare dialog med kurshaldarane med omsyn til kva organisering aktiviteten krev. (Kapittel 4.1.2 *Undervisningslokale*)
- Mottak og servering fungerer godt. KEV bør jobbe vidare med å sikre skilting, namnelappar og informering av eigen organisasjon. (Kapittel 4.1.3 *Mottaking og servering*)
- I sum kan vi seie oss nøgde med samlinga, men vi må i framtida sikre meir rom for diskusjonar deltakarane imellom. (Kapittel 4.4 *Samlinga*)
- Deltakarane er svært så nøgde med kvarandre. (Kapittel 4.2.1 *Deltakarane*)
- Vi kan seie oss nøgde med den sosiale biten, men samstundes er vi klar over at denne må følgjast opp i tida framover, ikkje berre på samlingane, men også imellom dei. (Kapittel 4.4.1 *Det sosiale*)
- I det vidare arbeidet må vi sikre: 1) Meir relevans for deltakarane frå vidaregåande skule, 2) oppfølging av den IKT-medierte aktiviteten og 3) den sosiale dimensjonen av kurset. (Kapittel 4.3 *Kurset*)
- Vi må sikre deltakarane dokumentasjon på førelesingane. Det er dessverre lite realistisk å få til støtteark som fast prosedyre. Det vi derimot må kunne få til, er eit abstrakt i førekant og ein dokumentasjon i etterkant. (Kapittel 4.5 *Øktene*)
- Grunngevinga for gruppesamansetjinga er så forankra i både sentrale føringar og eit ønskje om at deltakarane skal ha fokus på alternative løysingar at vi opplever at den er rett å halde på inntil vidare. (Kapittel 4.2 *Gruppesamansetjinga*)

- Alt i alt er deltakarane nøgde med første økta, spesielt gruppearbeidet. Den første økta set standarden for kurset, og den opne og reflekterande forma bør ein dermed gi rom for på seinare samlingar og. (Kapittel 4.5.1 *Økt 1*)
- Kurset i Fronter var alt i alt bra, kanskje spesielt i eigenskap av at deltakarane starta på noko på samlinga som dei skal fortsette på heime. Det mangla eit hefte som deltakarane kunne støtte seg til, noko som ein bør syte for er der i komande kurs. Bakgrunnen for at heftet mangla var ei manglande planlegging av integrasjonen mellom Fronter-delen og kurset sitt innhald. Vidare bør deltakarane sin aktivitet i større grad stoppast ved gjennomgang av nytt stoff. (Kapittel 4.5.2 *Økt 2*)
- Siste økta har vi god grunn til å vere nøgd med, men ein del tyder på at ein kunne tent på å setje klarare rammer for tid og levert ei klarare bestilling til førelesar. (Kapittel 4.5.3 *Økt 3*)

2 Bakgrunn

2.1 Om kurset som er evaluert

Kurset er utvikla for å hjelpe skuleleiarar å møte samfunnet sine forventningar til utdanning og utdanningskvalitet. Samstundes som samfunnet endrar sine forventningar, skjer det omorganiseringar på kommune- og fylkesnivå. Følgjane er at støtteapparatet vert bygd ned og skuleleiarane får eit større ansvar.

Kurset er meint å gi nyttilsette ei starthjelp – ei plattform. Utgangspunktet er ”Ledelseutvikling i skolen (LUIS) - Forventninger til skoleledelse” (KUF 2000) der visjonen om den lærande, utviklingsorienterte og samarbeidande skulen vert framheva.

Hovudmålet med kurset er å utvikle handlingskompetanse hjå skuleleiarane. Dette vert gjort ved å skape kunnskapar og reiskapar for å utvikle ferdigheiter i analyse og refleksjon som grunnlag for handling

Kurset skal gi eit godt grunnlag for både å leie prosessar og å setje i verk tiltak på eigen skule. Dette vil ein gjere ved å hjelpe deltakarane til å byggje eit godt fundament for det å vere leiar. Dette krev at kursinnhaldet i så stor grad som råd må vere relevant i arbeidssituasjonen.

Kurset rettar seg mot nyttilsette leiarar i grunnskule, vidaregåande skule, pedagogisk-psykologisk teneste og (fylkes)kommunal skuleadministrasjon

2.1.1 Arbeidsmåtar/organisering

Kurset er bygd opp rundt sju samlingar over tre semester med eit samla omfang på om lag 100 timar. I tillegg til samlingane kjem deltakarane sitt arbeid utanfor samlingane. Deltakarane blir delt inn i støtte-/ nettverksgrupper. Desse vil bli brukt både på og mellom samlingane.

Arbeidet på samlingane vil veksle mellom faglege innspel, praktiske øvingar og drøftingar i grupper. Fronter vert nytta som arena for deltakarane, førelesarar og fagansvarleg mellom samlingane, samstundes som det vert venta at deltakarane nyttar eigen arbeidsstad som arena for konkret utprøving av det som vert teke opp.

3 Metoden

Denne evalueringa gjeld første samling på det omtala kurset. Denne samlinga var lagd til Volda 21. og 22. mars 2003.

Deltakarane vart bedne om å fylle ut eit evalueringsskjema i Fronter etter dei kom heim. Dette vart gjort anonymt. Skjemaet er vist under.

Evaluering

- **Vurderingskrysset:**
Dette skulle egentlig vært satt opp i et kysst, slik Severin viste på lørdag. Dette krysset kan ofte være tjenelig verktøy etter samlinger i personalet/elevgrupper.
- **Hva var bra?**
- **Hvorfor var det bra?**
- **Hva kan gjøres bedre?**
- **Hvordan kan det gjøres bedre?**

Skjemaet vart lagt inn i Fronter først måndagen etter samlinga. Same dag fekk vi inn 13 evalueringar. Totalt kom det inn 21 evalueringar i dette skjemaet etter to e-postar med påminning. I tillegg kom ei evaluering på e-post og to var lagde inn i basisgruppemappa. Totalt sit vi med 24 evalueringar, men det ser ut som om ei av dei evalueringane som ligg i basisgruppene si mappe også er levert i skjemaet. Det gjer at vi etter alt sannsyn har 23 evalueringar frå 26 deltakarar. Det gir ein svarprosent på omlag 90 %.

Evalueringane er deretter koda og kondenserte i arbeidet med denne rapporten. Den opphavlege kjelda er konsultert heile vegen.

Evalueringane vart tekne ut og lagde inn i MAXQDA. Dette er eit program for kvalitative dataanalysar, temmeleg parallellt til NUD*IST. Evalueringane vart i dette programmet koda inn slik illustrasjonen viser. Kodene var ikkje laga på førehand, men eit resultat av kva tilbakemeldingane frå deltakarane handla om. Tala viser kor mange gonger den aktuelle koda er nytta.

Frå MAXQDA vart det køyrt ut tekster som inneheldt all tekst knytt til kvar kode. I denne teksten vart uttalar som var nesten like slått saman, og uttalane kategoriserte i mindre kategoriar. Dette kunne eg nok med fordel gjort i MAXQDA framfor i Word, og tatt ei eventuell samanslåing etterpå.

Uttalane er ikkje kvantifiserte. Grunnen er at ein ikkje har nokon

Code System	269
Første samling	0
Utfordring	21
-	22
+	35
Utkome	23
Organisering	0
Grupper	17
Didaktisk	30
Teknisk	29
Seksjon	0
Severins	31
Fronter	33
Einar	28

garanti for at noko er viktigare om det er sagt av tre enn om det same er sagt av ein. På den andre sida er det gitt signal om den ”totale stemninga” i evalueringane om der har vore ei tydeleg skeivfordeling mellom motstridande utsegner.

Det har vore mange motstridande meiningar, noko som stadfester ordtaket: ”Smaken er som baken – den er delt”. På den andre sida har eg freista å skape ein overbygning på utsegnene. Det gjer at det i realiteten ikkje berre er deltakarane sine innleverte evalueringar som er nytta, men også min eigen kunnskap om det som hende. Det er altså to kjelder her: Innsende tekstbaserte evalueringar og mine egne observasjonar som er gjorde som observerande deltakar i kurset.

For å anonymisere uttalane er dei omsette til nynorsk i dette dokumentet. Som kjelder for vurderingsarbeidet er det opphavlege, og ikkje dei omsette uttalane, som er lagt til grunn.

3.1 Kvalitativ metode

Sidan ein er ute etter å få ei forståing for kursdeltakaren sin situasjon, er det naturleg å nytte ei kvalitativ tilnærming. Som fagperson har eg eit sosiokulturelt syn på læring, og granskinga er gjort i ein etnografisk tradisjon. Botnen for studien er altså at kontekst og kognisjon heng saman som kaldfrontar, høg- og lågtrykk i meteorologien. Sosial aktivitet er sosialt bunden, og ikkje summen av individuelle handlingar (Hewitt m.fl. 1997).

Evalueringa er gjort etter kvalitativ metode. Det er ikkje berre enkelt å definere kva kvalitative metodar er. Ofte vert kvalitative metodar definerte som ein motsetnad til kvantitative metodar eller som kunst, handverk osv., men det er i hovudsak tre hovudtypar kvalitative metodar: 1) Observasjon, 2) dokumentanalyse og 3) intensive intervju. Medan observasjonen er den føretrekte i antropologien, er dokumentanalysen den føretrekte innan humaniora. Sosiologien og psykologien har tradisjonelt føretrekt intervju. I realiteten nyttar ein oftast ein kombinasjon av desse metodane (Buciek 1996).

Observasjonen spenner over eit breitt utval metodar frå fullverdig deltaking der ein forskar i løynd, til direkte observasjon der ein sit i ein krok og kikar på dei andre som handlar (Buciek 1996). I dette prosjektet er det gjort bruk av observerande deltaking. Ein må alltid skaffe seg tilgang til den informasjonen ein treng å granske (Heggen og Fjell 1998; Kvale 1997). Mi rolle har vore enkel å definere i det eg har vore ein del av fagteamet bak samlinga. Det gjer at eg har hatt tilgang til informasjonen eg har nytta på ein legitim måte.

Til dokumentanalysen har eg gjort meg nytte av dei evalueringane deltakarane har levert inn. Desse dokumenta har dermed fungert som ”erstatningsobservatør” (Buciek 1996) med den føremunen at dei kan hjelpe meg å rekonstruere aktivitet som ligg bak i tid (Stahl 2001).

Kristin Heggen (Heggen 1995; Heggen og Fjell 1998) seier at det å mestre deltakande observasjon er eit kvalitetskjenne-teikn både i høve til feltforskning, sjukepleie, legeyrket og læreryrket. Det å både sjå kva som skjer, reflektere rundt og handle etter dette er heilt avgjerande for om ein er ein god lærar eller ei. Gjennom utdanninga mi som lærar, gjennom arbeidet mitt som lærar, og gjennom min noverande jobb som prosjektleiar for nettstøtta undervisning, har eg fått trening i dette.

3.2 Metodologi

Evalueringa gjer seg nytte av opne spørsmål, og legg føringar for at både sterke og svake sider kjem fram. Dette er vesentleg for å kunne foreta ei evaluering ein kan feste lit til (Reigeluth og Frick 1999).

Feltundersøkingar er gjorde gjennom aktivt observerande deltaking. Med dette meinest at observatøren har vore ein del av det sosiale systemet som vert studert (Hellevik 1991). Dette

har hjelpt til med å redusere kontrolleffekten (Hellevik 1991). Dataregistreringa ved observasjonen er usystematisk. Dette kan på den eine sida medføre ein fare for selektiv persepsjon, men på den andre sida kan det gi rom for større openheit rundt nye og uventa resultat (Hellevik 1991).

I slutten av eit kurs kan ei sluttevaluering vere prega av glede over at ein er ferdig. Denne glede blanda med takksemd over hjelpa ein har fått og ei frykt for å såre læraren kan farge evalueringa. Hara og Kling (2000) viser til ein student som var svært frustrert gjennom året, men som ved avslutta kurs sende vedkomande ein e-post som starta med "I do believe you all are the best classmates and instructor I have ever met". Dette meiner dei står i sterk kontrast til dei utsegnene og dei handlingane som har vore elles i året. Denne evalueringa er gjort i starten av kurset, og burde dermed ikkje vere prega av slike effektar.

Undersøkinga er gjort etter at deltakarane er komne heim. Dette gjer at deltakarane til ei viss grad har fått justert sine forventningar i høve til kva dei venta før samlinga. Deltakarane har nok så langt ikkje møtt dei heilt store frustrasjonane, og ein kan vel vente at der kan vere ei glede over å få ta del i denne typen tiltak som verkar inn på resultatet.


For å oppnå validitet er triangulering ein vanleg metode. Ein køyrer fleire rundar med dei same respondentane og ser på det same frå ulike ståstader (t.d. lærar, student og observatør). I tillegg må ein kunne dokumentere heile rekkja av prov – heilt attende til utsegnene. Ein må og alltid vere klar over at alt som skjer er situert, og at ein aldri kan få kontroll over alle faktorene (Reigeluth og Frick 1999). Dette er det ikkje rom for innan dei rammene denne evalueringa har. Det er likevel til ei viss grad gjort idet to metodar er nytta (observasjon og spørjeskjema), og det er brukt 23 respondentar.

4 Evalueringa

4.1 Teknisk avvikling

4.1.1 Kursstad

Ein del av deltakarane var ikkje heilt nøgde med å nytte Volda som kursstad. Dette ser ut for å i første rekkje vere knytt til reisetid og reisekostnad. Deltakarane er spreidde slik i fylket:



Aukra	1
Eide	1
Fræna	4
Hareid	2
Kristiansund	2
Molde	2
Rauma	1
Sande	1
Stranda	2
Sunnadal	3
Tingvoll	1
Volda	3
Ålesund	2

Vi har i grove trekk fire ulike samlingsstader som er naturleg å nytte i fylket: Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund. Eg har tippa kva stad deltakarane føretrekk på bakgrunn av adressa dei har oppgitt, og plassert deltakarane på to stader om det i teorien skulle gå nesten på eitt ut. Tala i parentes inneheld kurshaldarar, dei andre berre deltakarar.

Volda	6 (8)
Ålesund	7 (9)
Molde	13
Kristiansund	11

Reint kvantitativt kan ein slutte at det beste er å legge samlingane til Molde. På ei anna side vil det vere utrettvist på sitt vis å legge alle samlingane til Molde. Det vil gi høge reisekostnader til dei i sør, og små til dei i nord.

På same tid som det vert ønskt kort reisetid, vert verdien av felles aktivitet på kvelden trekt fram som viktig og bør prioriterast av alle partar. Det gjer at ein bør legge opp til ein felles middag, noko som deltakarane må orienterast om før dei kjem på samlinga. Dette bør vere KEV sitt ansvar. Ein felles middag vil vere lettare å få til om deltakarane ikkje reiser heim att om kvelden, noko fleire etter alt sannyn ville gjort om samlinga vart lagt til Molde.

Det vert uttrykt ein viss misnøye med hotellet i Volda. Det er ikkje presisert kva det gjeld, men i høve til det dei tre andre aktuelle stadane har å by på, er ikkje dette heilt uventa når ein ser på kva ein får att for pengane.

Høgskulen i Volda som kursstad har ei rekkje fordelar som kan vege opp for ein del problem knytt til geografisk plassering og lokalt reiseliv. Dette går ikkje berre på tilgang og kjennskap til infrastruktur, men også at ein har kontaktar og strategiar om ein kjem ut for problem av nokon art. Dette er spesielt viktig med tanke på bruk av datarom ved innføring i Fronter.

Fleire kommenterer at det er godt at samlingane i framtida vert lagt til arbeidsdagar. Det ser ut for at dette er ei gruppe deltakarar som har fått kurset som ein del av arbeidstida si. Det vert og påpeikt at ein ikkje bør legge samlingar til etter påske neste vår.

Alt i alt bør ein nok legge brorparten av samlingane til nordsida av Romsdalsfjorden. Samstundes ser det ut som om ei plassering av første samling i Volda var eit godt val.

4.1.2 Undervisningslokale

Sjølv om både infrastrukturen og kjennskap til den er til stades, er det ikkje alltid så godt å utnytte den optimalt. Det vert av mange deltakarar peikt på at rommet som vart brukt første dagen ikkje var velegna til føremålet. Rommet var rett og slett for trangt i høve til den aktiviteten som skulle vere der, og det var ikkje alle som såg det dei burde sjå ”på tavla”. KEV må ta på seg skulda for dette.

Dette problemet kan skuldast at KEV ikkje kartla kva aktivitetar som skulle gjennomførast, og bestilte rom i tråd med dette. Eit signal om dette er at kurshaldar dagen før kursstart melde inn til KEV at han ikkje vil ha eit auditorium. Dette vart motteke og delegert vidare for eventuell korrigering i bestillingssystemet for undervisningsrom. Ein må med andre ord sikre ein dialog mellom kurshaldar og rombestillar som sikrar at eit teneleg rom vert bestilt.

For å sikre betre undervisningslokale må KEV gå inn i ein tettare dialog med kurshaldarane med omsyn til kva organisering aktiviteten krev.

4.1.3 Mottaking og servering

Deltakarane var nøgde med mottakinga, spesielt med at det vart servert kaffi og sveler. Det ser ut som om denne starten var god. Det verkar og viktig at Severin var i lokalet og tok imot deltakarane etter kvart som dei kom.

Det var produsert namnelappar til alle deltakarane, men ikkje til kurshaldarane. Det hadde vore ein føremun om alle fekk, men det er dessverre ikkje infrastruktur eller rutinar for slik produksjon. Det var ingen deltakarar som kommenterte lappane, men ein veit av erfaring at dei er særst gode å støtte seg til i sosialiseringssprosessen.

Først etter at ein deltakar ”fann” kurslokalet, og påpeikte at det kørkje var hjelp å få gjennom sentralbordet eller ved hjelp av skilting vart dette retta på. Sentralbordet fekk si melding, og det vart sett opp skilt. Dette vart gjort omlag ein halv time før kurset tok til. Før skilta var oppe var allereie ein del deltakarar komne. Skiltinga vart gjort på kvitt papir. Det såg ut til at alle fann fram, men det hadde vore gunstig med farga ark for å skilje skilta ut frå alle dei andre kvite arka som heng over heile skulen. I framtida bør KEV sikre seg at både sentralbordet og skilting er på plass før første deltakar kjem.

Serveringa frå kantina ved HVO fungerte godt, men det mangla kaffi fredag ettermiddag. Denne kaffien bør vere følgd av nokre sjokoladebitar eller liknande. Dette vart justert til laurdag. Fredag vart det som lunsj servert stroganoff og laurdag pastasalat med kylling. Salaten var svært velsmakande, og fungerte sosialt betre enn stroganoff, då den vart servert i bollar som ein forsynte seg av. Pastasalaten er verdt å bestille ved eit seinare høve. Det er to deltakarar som kommenterer maten, og det er gjort i positive vendingar.

Både fredag og laurdag fekk deltakarane KEVatn. Dette var dei svært nøgde med. Det gav eit løft i gruppa og har på den måten ein god sosial effekt. Ingen deltakarar kommenterte dette i evalueringa, men dei gav mange og gode verbale tilbakemeldingar under samlinga.

Mottak og servering fungerer godt. Det som KEV bør jobbe vidare med er å sikre skilting, namnelappar og informering av eigen organisasjon.

4.2 Gruppesamansetjinga

Deltakarane er så godt som samstemte i å vere positive til bruken av grupper. Dei sette og pris på den tida som vart sett av til gruppene på samlinga, men mange hadde ynskt seg meir tid til dette.

Deltakarane er delte i synet på korleis gruppene er samansette. Det er spesielt blandinga av deltakarar frå grunn- og vidaregåande skule som vert kommentert. Dei fleste som uttalar seg uttrykkjer at grupper med representantar frå heile det 13-årige skulelaupet er ei god løysing. Desse argumenterer med at det ofte er like problemstillingar men ulike løysingsstrategiar. Av dette følgjer at det er eit stort potensiale i kva ein kan lære av kvarandre. Dei som helst ser at ein har så homogene grupper som råd, argumenterer med at ein lettare kan samarbeide om ein har dei same utfordringane.

Som kursarrangør ser vi både argumenta, og ser at ein kan ha behov for ulike ting alt etter kva situasjon ein står i. På ei anna side er det uttalt frå sentralt hald at ein vil prøve å kople desse skuleslaga saman og sjå heilskapen i det 13-årige skulelaupet. Det at skuleleiarane har innsyn i lik- og ulikskapar mellom skuleslaga, ser vi som viktig i denne prosessen, og er ein del av grunnlaget for det valet som er gjort. Eit anna vektig moment er at kurset vil ha fokus på det å sjå opningar for varierte løysingar, noko som er lettare om ein får innsyn i forståingshorisontar som er ulike sin eigen. Ein av deltakarane uttrykkjer det slik: *"Me fekk ein litt annleis innfallsvinkel enn dei problema vi slit med i kvardagen."*

På ei anna side vert det sett fram framlegg om at gruppene vert varierte i løpet av kurset, noko som fagleg leiar opna for under samlinga. Det å setje saman grupper som er baserte på like utfordringar, kan vere verdt å vurdere om og når gruppene skal omstrukturert.

Slik det er i dag, har ein grupper som har perspektiv til å dekkje heile det 13-årige skulelaupet. Denne inndelinga må ein syte for at ein kan forsvare gjennom dei oppgåvene gruppene vert sett til å arbeide med.

Grunngivinga for gruppesamansetjinga er så forankra i både sentrale føringar og eit ønskje om at deltakarane skal ha fokus på alternative løysingar, at vi opplever den er rett å halde på inntil vidare.

4.2.1 Deltakarane

Svært mange skryt av kjemien som er mellom deltakarane. Svært mange uttrykkjer optimisme med tanke på resten av kurset. Det verkar som om det er stor tru på at ein skal få eit fagleg utbytte som kjem til å hjelpe ein i arbeidet.

Det er rett nok to kommentarar om gruppa som er verdt å nemne spesielt. Den eine er at ein gjerne hadde sett fleire deltakarar frå skuleeigarsida. Dette kan ein til ei viss grad kompensere for ved å invitere slike til samlingane. Den andre kommentaren er at deltakarane verkar svært problemfokuserte til leiarar å vere. Dette er det grunn til å legge seg på minnet og jobbe aktivt med, både for deltakarar og kurshaldarar.

Deltakarane er svært så nøgde med kvarandre.

4.3 Kurset

Mange deltakarar føler at fokuset i kurset, i alle fall på den første samlinga, var for mykje retta mot grunnskulen. 15 av 26 deltakarar er tilsett i vidaregåande skule, noko som gjer at ein må ta denne gruppa sine problemstillingar på alvor.

Mange deltakarar har knytt spenning til nettaktiviteten, både skriftleg og på samlinga. Det ser ut for at deltakarane har ei kjensle av at gruppearbeidet på samlinga har gjort det lettare å kome i gang med den IKT-medierte kommunikasjonen som skal finne stad mellom samlingane.

Ein av deltakarane seier at det bør arbeidast aktivt med å skape tryggleik i gruppa, slik at ein kan få til ei så stor deling dei imellom som råd. Dette vert sagt samstundes som det vert skrytt av det sosiale i kurset, noko som ein kan ta til inntekt for at ein er på god veg, og at deltakarane håpar at det skal halde fram.

I det vidare arbeidet må vi sikre: 1) Meir relevans for deltakarane frå vidaregåande skule, 2) oppfølging av den IKT-medierte aktiviteten og 3) den sosiale dimensjonen av kurset.

4.4 Samlinga

Det vert uttalt at det har vore eit tettpakka, men positivt kurs. Vi må tolke dette som om folk har fått med seg mykje heim att, men til ei viss grad har sakna rom og høve til dele erfaringar og etterbrenne innhaldet saman. Diskusjonar mellom kollegaer vert sett pris på av deltakarane, og er sett på som både viktig og nyttig. Det verkar som om samlinga hadde for mykje formidling, og at ein kanskje med fordel kunne redusert på denne delen av innhaldet.

Ein måte å gi rom for ein start som er meir prega av erfaringsdeling er ei første samling med tre komponentar: a) Eit hovudinnlegg som set agendaen for kurset b) opplæring i Fronter og c) relasjonsbygging i form av oppgåver. Dette må i så fall vere oppgåver som både aukar refleksjonen rundt eigen arbeidsstad og syter for at deltakarane får innsyn i kvarandre sin arbeidsstad og tankar rundt denne.

Regien på samlinga let deltakarane vel over. Ein heldt tidsskjemaet og fikk spissa innhaldet inn mot det dei ventar kjem. Det vert uttalt av fleire at det var god balanse mellom teori og praksis, plenum og eigenaktivitet. Denne balansen gav variasjon og effektivitet. Dette står ikkje i kontrast til deltakarane sitt ynskje om meir tid til samtale. Ein deltakar uttrykkjer det slik: *"Fokus var bra, med god styring inn mot kjernen i emna."*

Kursleiar peika på slutten av samlinga inn i mellomperioden ved at ein viste til korleis ein skulle etterbrenne det som vart teke opp på samlinga. Ein fekk og plassert neste samling, så på den måten har ein sett ramma, men det kan sjå ut som om den siste delen av perioden er litt ullen. Kursleiar burde nok skissert korleis ein ventar seg oppbygginga mot neste samling også. Vi har erfaring for at arbeidet mellom samlingane må strukturast for å fungere, så vi må nok legge meir tid ned i planlegginga av dette.

Målet med eit slikt kurs som dette er i stor grad, i alle fall i denne fasen, å starte nye tankeprosessar hjå deltakarane. Dette ser det ut for at vi har lukkast med. Førelesingane vart skildra som interessante og tankevekkande, men fleire ville gjerne hatt notatark på førehand. Det er ofte ikkje enkelt å få til, i det mange førelesarar let stemninga og dialogen i førelesinga bestemme kva plastikk som vert lagt på. Deltakarane si deltakande styring av innhaldet i førelesinga er viktig for å sikre ein så høg relevans som råd for deltakarane, noko som er eit mål i seg sjølv. Det ein kan gjere for å gi deltakarane noko å jobbe med i tida fram til samlinga, er at ein "krev" eit abstrakt av førelesaren. Dette kan leggest inn i Fronter og kan på den måten justere forventingane og hjelpe deltakarane til å finne poenget i det som vert teke opp.

I sum kan vi seie oss nøgde med samlinga, men vi må i framtida sikre meir rom for diskusjonar deltakarane imellom.

4.4.1 Det sosiale

Det sosiale er deltakarane godt nøgde med. Dette handlar om mykje; alt frå flaks med omsyn til deltakarane via eit godt innhald til det å møte individ slik dei helst vil bli møtte.

At det sosiale er viktig, vert synleggjort mellom anna gjennom uttalar om at erfaringsutveksling mellom deltakarane er svært nyttig, og at dei nærast vil gjere middagen om kvelden obligatorisk. Vi opplever at vi har gjort ein tilfredstillande jobb med tanke på det sosiale. Dette ser vi av at deltakarane opplevde at dei vart godt kjende på relativt kort tid. Dette skjer trass i at der ikkje vart køyrt ei presentasjonsrunde i starten, og ein deltakar uttrykkjer ei lette over dette: *”Presentasjonsrundar tek lang tid og er fortetta med info - vanskeleg å absorbere.”* Den informasjonen som ein elles gir i ei slik runde, bad vi deltakarane om å legge inn i Fronter i staden, noko som vart påbegynt i Fronterøkta.

Deltakarane finn det viktig at ein fokuserer på tryggleiken i heile gruppa, og ikkje berre i basisgruppene. Dette er med bakgrunn i at ein får mest attende dess fleire ein deler med. Eit døme på det som er gjort i høve til dette er ein liten gimmick frå fredag. Det vart annonsert premie for beste sosiale innsats under/etter middagen om kvelden. Premien var ein trepenning i etui med HVO logo. Avstemninga vart gjort i Fronter, med same verktøyet som skulle nyttast til den evalueringa som vert levert inn. I kva grad dette hadde nokon effekt på utfallet av kvelden er uråd å seie, men det signaliserer i alle høve at kurshaldarane tek sosialiseringa på alvor.

Vi kan seie oss nøgde med den sosiale biten, men samstundes er vi klar over at denne må følgjast opp i tida framover, ikkje berre på samlingane, men også imellom dei.
--

4.4.2 Innhaldet

Deltakarane let vel over både innhaldet og framføringa av innhaldet i samlinga. Det vert sagt at det var eit godt bakteppe for resten av kurset. Det er verdt å merkje seg at første samling på denne måten definerer rammene for innhaldet i kurset.

Temaet for samlinga vert av deltakarane karakterisert som viktig i høve til den kvardagen dei møter i arbeidet sitt. I tillegg vert det uttalt av fleire at innhaldet vart gjort både aktuelt og interessant av kurshaldarane. Det kan synast som om denne aktualiseringsbiten er den vi skal legge oss mest til merke. Det kan sjå ut som om deltakarane opplever at dei fekk sett nye vinklingar som gav dei nye refleksjonar rundt si eiga rolle, både i dag og i framtida. Ein deltakar uttalar: *”De tok opp ting som var nytt for meg [..]. Dette må eg berre lese meir om!”*

Ein ting som ser ut til å ha blitt vel motteke, er koplinga mellom leiing og undervisning. Det at ein ser heile skulen som eitt system med mål om best mogelege teneste til elevane og samfunnet, ser ut til å bli sett pris på. Ein av deltakarane seier det slik: *”Eg er elles mykje oppteken av detaljplanlegging, og dette fekk meg til å løfte blikket og tenke meir på framtida for elevane.”*

På same tid som nokre av deltakarane kjenner på at innhaldet var litt på sida av det dei venta eller treng, er andre svært nøgde og føler at samlinga både var relevant og gav gjenkjenning. Slik vil det nok som oftast vere, men det er ingen garanti for at innhaldet har vore optimalt. Før kurset tok til leverte deltakarane inn eit kortfatta oversyn over arbeidssituasjon, bakgrunn, kva ein ser som sine leiarutfordringar og kva ein forventar av kurset. Denne innrapporteringa fekk vi tilbakemelding på ikkje synte godt nok att i kurset.

Det som kan vere nærliggande å tenkje seg er at innhaldet i desse ”sjølvmeldingane” vert samanfatta og distribuert til førelesarane. Dette kan hjelpe førelesarane til å skape seg eit bilete av gruppa, og dermed hjelpe dei til å ”treffe” med tanke på fokus, nivå, konkretiseringar

og så bortetter. Det ser nemleg ut for at deltakarane kjende litt på at innhaldet var for lite kopla til deira kvardag, også språkleg.

Det hadde i førekant av samlinga vore litt problem med førelesarkabalen. Dette kan vere ei årsak til at ein av deltakarane uttalte: *”Temaet om læring - ikkje heilt etter forventninga. Ein bør vel samstemme tema litt betre med aktuelle spørsmål.”* Det er viktig å gi deltakarane så mykje informasjon at dei har fått ”den rette” målsetjinga med å kome på samling. Det er trass alt målsetjinga med å ta del som bestemmer korleis ein dømer innhaldet.

Vi må i framtida i større grad bu deltakarane på kva som kjem på samlingane, og førelesarane på kven som er på samlingane.

4.4.3 Refleksjonsnotat

Ein av deltakarane uttalte i evalueringa at refleksjonsnotatet var litt på sida av det kurset inneheldt. Notatet vart begynt på før heimreise frå samlinga, og skulle byggast på følgjande mal:

Beskrive og analysere din skole ut fra hvordan dere tenker rundt:

- Kontekst/samfunnstendenser
- Læring (har dere et felles syn på læring? – Hvordan organiserer dere læringsmiljøet?)
- Hvilken kompetanse elevene trenger (framtid)



Din lederutfordring

Malen for notatet vart diskutert mellom kursleiarane medan deltakarane jobba med å kome i gong med skrivinga av det på kurset. Det vart mellom anna kommentert at det kunne vere for ope og for uklart. Om dette er tilfelle veit vi først etter å ha studert refleksjonsnotata som er lagde inn i Fronter. Men det er nokre ting vi kan lære allereie no.

Det eine er å gå gjennom refleksjonsnotatet med fleire auge enn eit par. Etterarbeidet etter samlinga vil vere ei sentral føring for korleis samlinga sitt innhald vert sett i samanheng med deltakarane sin kvardag, og fortener ei kraftig prioritering. Det hadde nok også vore ein fordel om deltakarane hadde fått malen for refleksjonsnotat før, eller i det, samlinga starta.

Ein annan ting som ein bør lære noko av, er starten på skrivinga. Det å starte skrivinga av notatet før ein reiste heim såg ut til å vere svært lurt, både med tanke på avklaring av det som var uklart og det å starte sjølve prosessen.

Vi bør i det følgjande nytte meir tid til å planlegge før- og etterarbeidet slik at det i større grad bitt samlinga saman med heimearbeid.

4.5 Øktene

Fleire skryt av førelesarane som var nytta. Dette handla spesielt om eit smittsamt engasjement, at dei var trivelege og hadde fagleg styrke. I tillegg vert det uttala at kurshaldarane har lyst til at deltakarane skal gjere det bra. Dette må vere eit signal om at kurshaldarane viser deltakarane at kurset er viktig også for dei. Dette uttrykket må ein ta vare på. Det vart peikt på ulikskapen mellom Einar Muren og Severin Roald si form, og at det var positivt.

Eit anna moment som går att er positiv omtale av kopling mellom teori og praksis. Ein god leietråd innan undervisning er at dess meir teoretisk ein er, dess meir praktisk må ein og vere.

Det er noko med at teori ofte er abstrakt, og at ein då må hjelpe deltakarane med å gjere det abstrakte konkret.

Det vert som nemnt over etterlyst støtteark til førelesingane. På ei anna side ser det ikkje ut som om det er ”plastikkførelesingar” deltakarane vil ha. Dette er ei form som i stor grad signaliserer einvegskommunikasjon. Det ser ut for at deltakarane ser eit større behov for å kome i dialog med andre, både likemenn og meir kompetente, for å få arbeidd med problemstillingar som ligg i deira eigen kvardag.

Vi må sikre deltakarane dokumentasjon på førelesingane. Det er dessverre lite realistisk å få til støtteark som fast prosedyre. Det vi derimot må kunne få til, er eit abstrakt i førekant og ein dokumentasjon i etterkant.

4.5.1 Økt 1

Tidspunkt: Fredag kl 12.00 – 14.30

Innhald: Presentasjonar, fokus på hovudperspektiv i kurset og på samlinga, og Leiing i eit framtidsperspektiv

Ansvarleg: Severin Roald

4.5.1.1 Innhald

Økta starta med ein introduksjon av dei som er med på arrangørsida. Deretter vart det relativt fort sett i gong eit gruppearbeid. Dette vart gjort gjennom ei konkret problemløysingsoppgåve der ein distribuerte og fragmenterte informasjon til gruppe medlemmene. Denne informasjonen skulle så setjast saman til eit svar. Ei viktig føring var at det ikkje var lov å dele informasjon skriftleg, berre munnleg. Det einaste som kunne skrivast ned, var det som alle var samde om.

Det neste momentet var ei førelesing, med innslag av dialog, der hovudperspektivet var kva som skil dagens skule frå gårdsdagen og framtida sin.

4.5.1.2 Evaluering

Innleiinga let deltakarane vel over. Den sette rammene for kurset ved å introdusere eit hovudperspektiv. Økta skapte på den måten eit felles fundament som deltakarane opplever at kurset står på. Her er signal i evalueringa som tyder på at ein fekk til ein prosess der deltakarane fekk, i alle fall i ei viss grad, eit felles fundament. Nokre seier at innhaldet var kjent, andre seier at det var nytt og annleis å tenkje slik. Dette kan tyde på at ein har eit fundament ein kan bygge vidare på.

Fokuset på elevgruppa verkar det som om det vart sett pris på. Det å sjå skuleleiarrolla i dette lyset, ser det ut for at ein har fått gehør for. Det vert i evalueringane uttrykt ei tru på at skulen vert endra i framtida, og at det er rett å rette fokus mot dette no.

Forma, som hadde innslag av dialog, gjorde at deltakarane hadde ei kjensle av at dei vart høyrde. Dei opplevde samstundes at Severin var engasjert, og at det var smittsamt. Det at det vart nytta det ein deltakar kallar ”folkeleg språk”, kan ónbg ha hatt ein del å seie for at ein klarte å engasjere, og få til ei fundamentbygging.

Ein av deltakarane seier dette om økta: ” Roald si form er [...] utprøvande og antydande, ikkje konkluderande og open. Det set jo i gang tankeprosessar og opnar perspektiv, men kan nærme seg ei grense for å bli uklar/utydeleg. Kan setje tilhøyrarane nærmare ein frustrasjonstilstand, men det veit vi jo kan vere ein fruktbar tilstand ...Eigentleg synest eg ikkje Roald skal endre "stil", for meg fungerte måten han la fram stoffet på godt. [Men han kunne] kanskje slå til med ein provokasjon/påstand i ny og ne ”

Dei aller fleste er svært positive til måten ein introduserte gruppene på, og mange meinte at det var ein veldig god start. Ein hadde noko konkret å løyse saman. Oppgåva resulterte i at ein fekk brote isen raskt, og gjennom dette skapt ein tryggleik i gruppa, noko det vert venta er viktig i tida som kjem. Dette gjeld både den aktiviteten som er knytt til kurset og den som vert venta å kome utanfor kurset sine rammer.

Det er ein deltakar som påpeikar at aktiviteten i gruppa var litt for styrt, noko som førde til mangel på innsyn i kva som opptek ein i kvardagen, og kva ein jobbar med i kva slag skule. Dette er ein svært viktig kommentar. Å vite ein del om kvarandre sin bakgrunn, kvarandre sitt arbeid og kvarandre sine interesser er viktig både når ein skal tolke dei tekstane som vert delt på nettet, og når ein treng hjelp eller trøyst.

Startoppgåva som vart gitt, fungerte godt som isbrytar. Like fullt er det nok eit poeng at det mangla ei oppgåve som hadde som mål å gi kunnskapar om kva ein er oppteken av, og kva arbeid ein har. Dette er verdt å ta med seg, både til neste samling og seinare kurs.

Alt i alt er deltakarane nøgde med første økta, spesielt gruppearbeidet. Den første økta set standarden for kurset, og den opne og reflekterande forma bør ein dermed gi rom for på seinare samlingar og.

4.5.2 Økt 2

4.5.2.1 Innhald

Tidspunkt: Fredag kl 15.15 – 18.00

Innhald: Innføring i e-læringsverktøyet Fronter

Ansvarleg: Roar Stokken

Denne økta hadde fokus på å få deltakarane fort i gong med bruken av Fronter. For å få til dette vart Fronter lagt til rette i tråd med våre nyaste tankar og erfaringar. Dette gjeld både oppsettet av rommet og innlegging av bilete av alle deltakarane på personleg profil.

Det første som vart gjort, var at ein tok tak i ein diskusjon og skreiv rundt denne.

Startinnlegget var: *Korleis vil framtida sin skule skilje seg frå den du har gått i?* I løpet av den første timen i Fronter fekk vi 82 innlegg.

Neste emne var å vise folk korleis dei kunne legge inn informasjon om seg sjølv i systemet. Denne delen av økta vart og nytta til å oppdatere informasjon som var feil og liknande.

Den siste delen av økta vart sett av til nettdiskusjonar i grupper. Startinnlegget vart lagt inn i alle gruppene og var: *"KUF 2000: Visjonen om den lærende, utviklingsorienterte og den samarbeidende skole er utgangspunktet for de forventningene staten har til skoleledelsens kompetanse. - Hva er viktige betingelser for at en skole kan arbeide utviklingsorientert over tid?"* I løpet av den tida dette gjekk føre seg, fekk vi 142 innlegg.

4.5.2.2 Evaluering

Deltakarane er samde med oss i at ei god innføring i Fronter er heilt avgjerande for kva ein kan få til vidare i kurset. For nye brukarar av Fronter er det ein tendens til at dei gjer det til sitt eige problem at dei ikkje vert heilt vener med Fronter med det same. For å hjelpe litt på denne problematikken har eg i det siste prøvd å vere litt kritisk til Fronter sin måte å snakke til brukarane på. Dette har vist seg effektivt i det at deltakarane kan legge litt av grunnen til ein litt haltande kommunikasjon på Fronter. Det tek altså litt tid å bli ven med Fronter, og det vert i evalueringa peika på at Fronter ikkje er det mest intuitive deltakarane har sett av dataprogram. I ein slik situasjon er det å få godt med tid til å bli kjend med systemet viktig og

nyttig. Det er heilt avgjerande i den type innføring som dette at ein har ei datamaskin til kvar. Dette vert og nemnt av deltakarane.

Det er delte meiningar om denne økta frå deltakarane si side. Ingen seier at innføringa var dårleg, men den var for ein del svært stressande. Trass i dette opplevde mesteparten økta som kjekk. Dette kan tyde på at dei følte meistring trass i at det gjekk fort. Det kom i alle høve ingen signal om at deltakarane ikkje følte meistring medan dei var på kurset. Det er også fleire som peikar på ein god balanse mellom innføring og eigenøving. Ein deltakar skriv dette: *"Innføringa i Fronter var så strukturert som den kan bli, og tempoprogresjonen gav god framdrift (få hang etter)."* Dette er i tråd med mine egne vurderingar. Det er alltid ei viss konflikt mellom tid til arbeid og framdrift. Det er verdt å merkje seg at deltakarane opplevde økta som heseblesande, og at ein tok for lite omsyn til sprikande datakunnskapar.

Det som dessverre ofte er tilfelle med datakurs, er at dei nesten ikkje passar for nokon. Dei svakaste vert køyrde ifrå, og dei flinkaste sovnar eller fell av på anna vis. Alt i alt vurderer eg som kurshaldar denne økta som bra. Ut frå mine observasjonar var det få som hang etter i høve til kva som er vanleg i denne typen kurs. Dette skjer samstundes som eg både kom gjennom det som eg trur trengst, og at deltakarane fekk nok øving i det dei skulle gjere. I det deltakarane forlet rommet trur eg dei kunne nytte Fronter som eit teneleg verkty, men kor det går når dei er heime og på eiga hand, er eg ikkje viss på. Eit signal om at det gjekk bra, er at etter ei veke har 24 av 26 deltakarar vore inne i systemet.

Innhaldet i økta var knytt til innhaldet i kurset. Dette aukar både motivasjonen hjå deltakarane og læringsutbyttet sett under eitt. Deltakarane melder attende at det å kombinere desse to tinga er flott. Dette bør vi altså fortsette med. På den andre sida er det knytt to utfordringar til dette: 1) høgt engasjement hjå deltakarane og 2) meir planlegging for kurshaldarane.

At høgt engasjement kan vere ei utfordring, er kanskje vanskeleg å forstå i utgangspunktet. Det som har ein tendens til å skje, er at deltakarane blir så engasjerte i emnet ein nyttar som verkty i Fronteropplæringa, at dei føler det lite viktig å kome vidare i utforskinga av verktyet. Dette kan vere grunnen til uttalar som denne: *"Noko av informasjonen vi fikk på datalabben gjekk samtidig med at vi satt og jobba. Eg hadde store problem med å følge tempoet, og måtte stadig spørje sidemannen om kva som vart sagt – Kva info som vart gitt."* Andre uttalar i same retning at dei treng tid til å tenkje før dei får nye ting i fanget. Med oppgåver som har eit fagleg innhald kan ein skjønne at det vert mindre fokus på Fronter. Det kan dermed vere nærliggande å tru at ein treng meir tid til innføring om ein nyttar kursemnet som verkty eller ei. Kva ein treng av tid er vanskeleg å seie. Den tida som vart nytta på denne samlinga verkar som eit fornuftig val, men det kan vere at betre oppgåver hadde medført mindre stress for deltakarane.

Ei utfordring knytt til det å seie noko på ein datalab er knytt til at ein lett kan tru at dei som sit med augene i skjermen og hendene på tastaturet gjer det fordi dei klarar to ting på ein gong: Handle og høyre. Uttalen over tyder på at det ikkje er tilfelle. Løysinga må vere å be alle om å ta ein pause i det dei gjer medan ein går eit hakk vidare. Dette får heller bli følgt av ei unnskyldning om at det kan høyrest respektlaust ut med omsyn til deira private læringsstil og agenda.

Ein kritikk som kom var at ein kunne starta økta med ein gjennomgang av Fronter i eit auditorium, men dette vart ikkje gjort grunna tekniske årsaker.

Ein del av deltakarane påpeikar at kunnskap om og erfaring med Fronter har overføringsverdi til eigen skule og eiga undervisning. Dette er det verdt å merkje seg og spele på ved motivering til å ta verktyet i bruk.

For å kunne nytte kurset sitt tema som arbeidsoppgåver inn i Fronter-økta er ei auka planlegging ein føresetnad. Den planlegginga som er gjort før denne samlinga, var ikkje god nok på dette punktet. Ei slik planlegging bør også inn i rutine som KEV har i samband med planlegging og avvikling av kurs.

Mangelen på planlegging av Fronter-kurset førte til at det ikkje vart nytta kompendium på kurset. Dette er ein klar svakheit samanlikna med det vi har opplevd ved kurs som har hatt kompendium. Dette ”klagar” mange av deltakarane over. Det kan vere vi bør trykke opp nokre og sende i posten til deltakarane.

Kurset i Fronter var alt i alt bra, kanskje spesielt i eigenskap av at deltakarane starta på noko på samlinga som dei skal fortsette på heime. Det mangla eit hefte som deltakarane kunne støtte seg til, noko som ein bør syte for er der i komande kurs. Bakgrunnen for at heftet mangla var ei manglande planlegging av integrasjonen mellom Fronter-delen og kurset sitt innhald. Vidare bør deltakarane sin aktivitet i større grad stoppast ved gjennomgang av nytt stoff.

4.5.3 Økt 3

4.5.3.1 Innhald

Tidspunkt: Laurdag kl 09.00 – 11.30

Innhald: Læring som kjerneverksemd: kunnskapssyn og læringssyn, leiing av lærande prosessar.

Ansvarleg: Oppvekstsjef i Ørsta kommune: Einar Muren

Økta var eit foredrag med ei ”summeøkt” der deltakarane freista å definere læring.

4.5.3.2 Evaluering

Økta var fagleg bra, fengslende og inspirerende. Einar Muren viste fagleg styrke og lukkast i det å kombinere teori og praktiske erfaringar. Ein deltakar uttrykte dette slik: *”Muren si innleiing var klar og direkte i både form og innhald. [...] Han får autoritet gjennom at han formidlar både frå sitt eige praksisfelt og teori (som han beherskar).”* I tillegg vert det sagt at han hadde klare meiningar som det er lett å ta stilling til og tenkje noko rundt. Han nådde heilt klart fram til målgruppa, og som ein deltakar uttalte: *”Framstillinga verka også ’trøystande’ på slitne skuleadministratorar som må erkjenne at rammevilkåra styrer skulekvardagen i svært stor grad.”*

Det som fleire klagar på, er at økta var for tettpakka; for mykje stoff på for kort tid. Det gjorde at den hadde for lite rom for refleksjon og dermed også kunne verke litt for overflatisk. Ein deltakar seier det slik: *”Tempoet var for høgt og det gjekk for fort. Ville så gjerne høyrte meir, og ikkje minst meir i djupna.”* At økta vart slik den vart, må vi som arrangørar ta skulda for. Innleigde foredragshalarar gjer som oftast det dei får beskjed om. At foredraget vart for stort for tidsramma, må vi altså tilskrive bestillinga. Vi må i større grad levere ei smalare bestilling. Det er faktisk litt flautt å få kommentarar som denne: *”Einar Muren er for god for et overflatisk foredrag”*

Som kurshaldar er det lett å ha for høg respekt for førelesaren. Ein har invitert ein førelesar, og vil gjerne at vedkomande skal trivast. Det er lett å gløyme at kurshaldar i første rekkje skal ta vare på og omsyn til deltakarane. Deltakarane er i regelen i eit underdanig maktforhold til førelesar, og vil gjerne ikkje avbryte eller seie at ein treng pause. Dette er det kurshaldar som må passe på. Med bakgrunn i dette er det den som er kursleiar som bør vurdere behovet for, og plasseringa av pausane. Dette kan motverke at engasjerande (merk: engasjerande) førelesarar ”slit ut” deltakarane.

Deltakarane på samlinga opplevde ein mangel på tid til dialog seg imellom. Det er kurshaldar sitt ansvar å syte for at denne tida er tilstade. Dette må vurderast i høve til kor mykje aktivitet som er lagt til deltakarane og liknande. Som kurshaldar har ein eit ansvar for å sikre at einkvar auditoriumsekvens vert følgd av ein laboratoriumsekvens der ein får høve til å fordøye det som er gjort i auditoriet. Ein slik sekvens treng ikkje alltid vere styrt eller lagd til eit laboratorium – praten over ein kaffikopp på gangen kan vere like bra. Brorparten av dei som uttalte seg om forma, sakna altså dialog, både seg imellom og med førelesar. Dette er noko vi bør merkje oss og legge inn i bestillinga til komande førelesarar.

Ei anna utfordring som vart peikt på er at dei innleidde føredragshaldarane må stå i samband med kurset som heilskap, då også med tanke på føre- og etterarbeid. Det å kople litteratur til desse førelesingane kan vere ein god måte å gjere det på.

Siste økta har vi god grunn til å vere nøgd med, men ein del tyder på at ein kunne tent på å setje klarare rammer for tid og levert ei klarare bestilling til førelesar.

4.5.4 Økt 4

Tidspunkt: Laurdag kl 12.15 – 15.00

Innhald: Vidare arbeid med Fronter og oppsummering og vidareføring av kurset

Ansvarleg: Roar Stokken og Severin Roald

Denne økta vart starta med at Severin heldt eit innlegg der han skisserte vegen vidare framover. Deretter fortsette Roar med å setje nettarbeidet inn i eit læringsperspektiv. I neste bolck gjekk vi på datalabben og jobba med bruk av fellesdokument i Fronter. Økta vart avslutta med at gruppene sette seg saman og reflekterte over samlinga.

Evalueringa av denne økta er gjort i samband med økt 1 og økt 2, og er å finne i desse kapitla.

4.6 Utkome

Deltakarane seier dette om samlinga som kan takast til inntekt for det dei sit att med etter kurset:

- Temaet er relevant i høve til tida, både med tanke på skulen og samfunnet utanfor, og er såleis noko å ta med attende til arbeidsplassen sin.
- Samling gav nye vinklingar på kvifor skuleleiarane si rolle må endrast.
- Kurset gav rom for ettertanke og vidare refleksjonar, både med tanke på undervisning og leiing.
- Kurset gav ein annan innfallsvinkel til kvardagsproblema.
- Også pausane gav mykje som det er godt å ha med heim att.
- Samlinga gav motivasjon for vidare arbeid med temaet.
- Samlinga peika vidare mot det som kjem fagleg.
- Temavalet gav attkjenning.
- Det er eit kjekt kurs.

...men...

- Deltakarane, og kurset, må fokusere meir på kva ein kan klare – og ikkje berre sjå det ein ikkje kan klare.

5 Litteratur

K. Buciek (1996). Fra problem til metode. Frediksberg C, Roskilde Universitetsforlag.

N. Hara og R. Kling (2000). "Students' Distress with a Web-based Distance Education Course: An Ethnographic Study of Participants' Experiences." i Information, Communication & Society 3(4): 557-579.

K. Heggen (1995). Sykehuset som "klasserom" - Praksisopplæring i profesjonsutdanninger. Oslo, Universitetsforlaget AS.

K. Heggen og T. I. Fjell (1998). "Etnografi", i Spørsmålet bestemmer metoden - Forskningsmetoder i sykepleie og andre helsefag. M. Lorensen (red.). Oslo, Universitetsforlaget AS: 66-90.

O. Hellevik (1991). Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap. Oslo, Universitetsforlaget AS.

J. Hewitt, M. Scardamalia og J. Webb (1997). Situative Design Issues for Interactive Learning Environments: The Problem of Group Coherence. Paper presented at the Annual Meeting of the American Educational Association, Chicago.

S. Kvale (1997). Det kvalitative forskningsintervju. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.

C. M. Reigeluth og T. Frick (1999). "Formative research: A methodology for creating and improving design theories", i Instructional-design theories and models. Volume ii. A new paradigm of instructional theory. C. M. Reigeluth (red.). Mahwah, NJ, Lawrence Erlbaum Associates: 633-652.

G. Stahl (2001). "Rediscovering CSCL", i CSCL 2: Carrying Forward the Conversation. T. Koschmann (red.), Lawrence Erlbaum Associates.

Vedlegg: Kjelder

Skjema

Skjemaet som vart fylt ut viser her.

Evaluering

- **Vurderingskrysset:**
Dette skulle egentlig vært satt opp i et kysst, slik Severin viste på lørdag. Dette krysset kan ofte være tjenelig verktøy etter samlinger i personalet/elevgrupper.
- **Hva var bra?**
- **Hvorfor var det bra?**
- **Hva kan gjøres bedre?**
- **Hvordan kan det gjøres bedre?**

Evalueringar levert i skjema

Kvar deltakar er representert med fire avsnitt. Det første handlar om første spørsmål, andre om andre spørsmål osv.

For å anonymisere svara er ein del av dei omsette (Både til nynorsk og bokmål), dei står ikkje i den rekkefølgja dei kom inn og felt som avslørar identitet er fjerna.

Deltakar 1

”1. Svært nyttig og nødvendig innføring i Fronter. 2. Interessante og tankevekkande forelesingar. 3. Kjekt å bli kjent i smågrupper.”

”1.Såpass tungvint som Fronter er , var ei god innføring viktig. Flott måte å kombinere det faglige med innføringa. 2. Vi fikk ein litt annleis innfallsvinkel enn de problema vi slit med i kvardagen. 3. Eg trur vi skal få til samarbeidet i basisgruppa vår etter denne samlinga.”

”Eg er ikkje spesielt glad i plastikkforedrag, men det ser ut til at de på høgskolenivå har god tru på denne formidlingsforma. Alle bør være saman på kvelden slik at det sosiale blir ivaretatt.”

”Om plastikkforma blir med vidare, kan det være ein ide om vi får foredraget på papir på førehand slik at notatane blir meir oversiktelige.”

Deltakar 2

”Gode forelesarar Interessante emne”

”De tok opp ting som var nytt for meg, bl.a samfunnsutviklinga og læringsomgrepet. Dette må eg berre lese meir om!”

”Tempoet var for høgt og det gjekk for fort. Ville så gjerne høyrte meir ,og ikkje minst meir i djupna.”

”Betre tidsrammer Stensilar klare før kurset slik at ein kan notere og følge med.”

Deltakar 3

”Entusiasmen og engasjementet hos Severin og Roar. Dette teiknar til å bli svært bra.”

”Folkeleg språk, de er mottakarorientert, har lyst til at vi skal gjere det bra. Muren si forelesing var og grei, men noko politisert/subjektiv og derfor litt mindre fagleg. Likevel greitt å få repetert det teoretiske bakteppet.”

”Sidan flest deltakarar er frå vgs, må de ikkje berre bruke døme og erfaringsgrunnlaget frå grunnskulen. Les det vi har skrive om jobbane våre og utfordringane våre i vgs, og bruk det i kursa framover.”

”Sjå over. Det bør ikkje vere samling etter påske neste vår. Dette er den travlaste tida i skuleverket.”

Deltakar 4

”Temaet var interessant i ei brytningstid for skolen. Forelesarane var bra også”

”Vi vil nok sjå store endringar i måten å organisere arbeidet i skolen dei komande år. Derfor er det viktig med fokus på dette no. Bra at ein vil forsøke å få samlingane lagt til ordinær arbeidstid.”

”Ein bør ta noe meir omsyn til deltakarane ulike datakunnskapar. Fronter gikk fort for fleire. Volda som kursstad(tungvint reise) og hotellet(så som så) kan med fordel byttes ut.”

”Dersom ein legge samlingane til eit geografisk midtpunkt som Ålesund eller Molde vil eg tru at ein kan spare noko reise- og overnattingskostnader.”

Deltakar 5

”Diskusjonar med kollegaer. Fronter”

”Lærte eit nytt dataverktøy. Kan kanskje nyttast i undervisninga også??”

”Val av stad. Volda er for lang reise/unødvendig bruk av reisetid.”

”Flytt kurset til Molde”

Deltakar 6

”Sletta for å anonymisere”

”tom”

”Einar Muren syntes eg "kjørte noko fort i svingane". Kunne også tenke meg at det var laga ein liten brukarmanual for Fronter med døme på skjermbilete og korleis navigere i desse. Hørte på ferga på heimturen var "bekymra" for om de ville kunne klare seg på eiga hand heime.”

”Redusere på mengda som vert presentert i ein "undervisningssekvens””

Deltakar 7

”Det var ei flott innføring i Fronter. . Gruppeoppgåva vi begynte med gav oss ein god start. Tema som vart teke opp var krevjande og interessante. Det sosiale var godt ivaretatt.”

”Fordi -Fronter ble arbeidet så mye med at vi lærte programmet(i alle fall ein god del) – gruppeoppgåva gjorde oss trygge på kvarandre, vi fant tonen med ein gong. - foredraga var fengande”

”Forbetring: - Det ble sagt at vi skulle få kopier, noe som hadde vært ein styrke. Det er lettare å notere i margin enn på lause ark. Vær snill å gi oss et kompendium slik at vi har dette når vi hører/går gjennom forelesinga. Kanskje det bør være møteplikt på middagen om kvelden slik at det blir ein gjeng. Vi som var saman hadde det veldig hyggelig.”

”Trykk opp på førehand eller legg ut på nettet slik at den som vil kan skrive ut papirutgåve sjølv.”

Deltakar 8

”Følte vel at mye ble tatt opp og satt i lys av det vi skal jobbe med framover. Spesielt første økta første dag.”

”Sjå over !”

”Følte vi hadde liten oversikt over gruppa- fikk liten tid til å snakke om kva som opptar oss i kvardagen og kva skuleslag vi jobbar innanfor. Vart litt for fort satt rett i gruppe med knapp tid.”

”Ein del. Temaet om læring - ikkje helt etter forventninga. Ein bør vel samstemme temaa litt betre med aktuelle spørsmål. Følte også at refleksjonsnotatet gikk på sida av det som kurset tok opp - på ein del områder. Rammefaktorar som klasserom er vanskelig å gjere noko med.”

Deltakar 9

”Ein kjempefin gjeng, Bra at vi fekk jobbe i grupper, det kan vere nyttig å knyte kontakter utanom eigen skule. Foredraget til E. Muren var inspirerende. Kjekt å lære Fronter. Tidene vart haldne. Styringa var bra.”

”Likte at vi vart peila inn på eit spor - nytenking - i alle fall for meg. Eg er elles mykje oppteken av detaljplanlegging, og dette fekk meg til å løfte blikket og tenke meir på framtida for elevane.”

”Gruppa mi er kjempefin, men eg er ikkje sikker på om samansettinga av gruppene er ok. Kanskje det for meg er mest nyttig å jobbe saman med andre på vgs-nivå? (som har same utfordringane?)”

”Har ingen andre konkrete framlegg - bortsett frå fellesmiddag når vi skal til Molde også. Og over tid variere gruppe-samansettinga. Eg ynskjer også at alle skal stole på alle, og dermed få tilgang til andre grupper sine skriverier på Fronter.”

Deltakar 10

”greie foreleserar.Likte spesielt godt å høyre på Einar Muren.”

”er det ikkje ofte vi tolker som bra dersom vi kjenner oss att i det som vert sagt? Møtte mange kjende tankar og problemstillingar.”

”Det var veldig rask gjennomgang i bruken av class fronter.Kunne vere godt å få "tenke litt" før neste trekk.”

”Kanskje vi kunne få ei skriftleg rettleiing i bruken av fronter?”

Deltakar 11

”1) Severin sitt innlegg - fredag 2) Artig å lære Fronter”

”1) Gav økt forståing for den elevgruppa vi skal betene. 2) Eg innbillar meg at vi i framtida kjem til å få auka bruk for programmer som fronter og det er artig å lære noe nytt.”

”1) Fronterundervisningen 2) Klasserom på fredag var for trangt 3) Muren sitt innlegg - ein smule bastant”

”1) Først gjennomgang på videokanon der vi ikkje fekk nytte maskin. Så kunne vi fått ein "minimanual" med ein enkel oppgåve som alle skulle løyse, berre for å få inn tastetrykk. Så kunne vi fått ein ordinær oppgåve, men vi hadde da noe skriftlig å halde oss til i manualen. 2) Bytte av klasserom 3) Opne for meir samtale”

Deltakar 12

”Eg hadde stort utbytte av alle sekvensane dei to dagane, det er ikkje noko eg er misnøgd med. Innføringa i Fronter var så strukturert som den kan bli, og tempoprogresjonen gav god framdrift (få hang etter). E. Muren overraska meg positivt. Viss eg skal trekkje fram ei økt vil eg nemne denne. God balanse begge dagane mellom teoriøktar og meir praktiske øktar. Har lyst til å konkludere med at alt var bra, men har likevel fylt ut punkta under, for å prøve å vere konstruktiv.”

”Muren si innleiing var klar og direkte i både form og innhald. Klare meiningar som det var greitt å ta stilling til - får ein til å tenkje sjølv. Han får autoritet gjennom at han formidlar både frå sitt eige praksisfelt og teori (som han beherskar). Balansen - eg synest tidsbruken var god, god utnytting og god variasjon. Passeleg lengd på øktene som gjorde at ein ikkje blei sliten.”

”Kanskje meir mulegheiter for korte "summingar" mellom to el. fire på problemstillingar undervegs i Muren si økt. Han var jo sjølv klar over dette, signaliserte han. Roald si form er annleis, meir utprøvande og antydande, ikkje konkluderande og open. Det set jo i gang

tankeprosesser og opnar perspektiv, men kan nærme seg ei grense for å bli uklar/utydeleg. Kan setje tilhøyrarane nærmare ein frustrasjonstilstand, men det veit vi jo kan vere ein fruktbar tilstand ...Eigentleg synest eg ikkje Rolad skal endre "stil", for meg fungerte måten han la fram stoffet på godt. Men Muren vart då ei fin variasjon i forhold til Roald si form”

”Muren: ved å stoppe litt meir /oftare opp for å ta "summeøkter" blant tilhøyrarane - aktivisering. Roald: kanskje slå til med ein provokasjon/påstand i ny og ne. Vel, ser dette kan oppfattast som personkritikk, men er ikkje meint slik!”

Deltakar 13

”Opplegget virket veldig bra, med engasjerte forelesarar. Fokus var bra, med god styring inn mot kjernen i emna.”

”Det var et godt temaval som innlending til kurset, og med ein god ballanse mellom forelesning og eigenaktivitet og riktig val av forelesarar.”

”Det verkar som deltakarane er litt for mykje problemorienterte til ledarar å være. Det blir ein utfordring å skape et innovativt miljø med fokus på muligheter framfor begrensingar”

”Utfordringane til kursdeltakarane bør ha fokus mot å finne innovative løysingar, og deling med analyse av erfaringar.”

Deltakar 14

”Det var bra at vi slapp ei innledningsrunde med å presentere oss sjølv. Det var også bra at det var variasjon i type "undervisning".”

”Presentasjonsrundar tar lang tid og er fortetta men info -vanskelig å absorbere. Variasjon i undervisninga skaper meir entusiasme.”

”Noko av Informasjonen vi fikk på datalabben gikk samtidig med at vi satt og jobba. Eg hadde store problem med å følgje tempoet, og måtte stadig spørje sidemannen om kva som vart sagt - kva info som ble gitt. Er eg treig???”

”Forsikre dykk om at vi får nok tid til å gjere tinga på datamaskinene samtidig som de gir infoen. Ta litt betre tid til det.”

Deltakar 15

”- opplæring på fronter var bra - felles middag”

”Lite felles og mye prøving. Ble godt kjente på kort tid”

”Førelsesning om Læring og læringssyn blei for overflatisk”

”Enten bruke meir tid eller fokusere smalare”

Deltakar 16

”Einar Muren sin bolk var bra.”

”Fordi han greidde å kombinere teoretisk innhald med praktiske eksempel. Framstillinga verka også "trøystande" på slitne skuleadministratorar som må erkjenne at rammevilkåra styrer skulekvardagen i svært stor grad.”

”1) Kursrommet første dag var ikkje bra. For trangt og for vanskeleg å sjå kva som foregjekk framme. 2) Opplæringa på Fronter gjekk for fort. Grusomt stressande.”

”1) Nytt rom 2) Gå rolegare fram.”

Deltakar 17

”Startøvelsen. Innledningen til S.Roald. Innføring i Fronter. Bra kurslokaler, god mat, trivelige kursholdere, takk for en god start.”

”Startøvelsen var bra fordi den hjalp godt til å "skrangle sammen" gruppen. Veldig bra. Innledningen til S.Roald ga et godt oversyn over hovedperspektivet i kurset. Det var nødvendig for meg for å få igang tankeprosessen for det videre arbeidet. Innføring i Fronter er en av de nyttigste ferdighetene jeg har tilegnet meg denne måneden. Takk og heder, veldig bra. God balanse mellom ny innføring og egenøvelse. Det er herlig å få innføring i noe nytt fra en person som har prøvd litt på forhånd. En PC til hver er bra.”

”Foredraget om kjerneverksemd.”

”Foredraget om kjerneverksemd ble fremført av en ressursperson, som tydeligvis visste hva han snakket om. For meg ble dette for heseblesende. Einar Muren har en likande stil med lun humor. Det kunne blitt bedre for meg hvis det på forhånd ble delt ut lysarkkopier og at temaet var noe mer avgrenset : en økt med kunnskapssyn og læringssyn og en økt med leiing av lærande prosesser kunne hjulpet. Einar Muren er for god for et overflatisk foredrag.”

Deltakar 18

”Forelesningene var engasjerende. Likte godt samarbeidsoppgaven. God tid til å prøve nettet. Bra med sammensatte grupper.”

”Fikk en del nye vinklinger på hvorfor vår rolle krever stadig endring. Bra at teori blir knyttet til egen praksis. Tror alle taklet bruk av nettet. Siden vi skal se på det 13-årige løpet i en sammenheng trengs det samarbeid og vi har sikkert en del å lære hverandre.”

”Det er egentlig vanskelig å sett fingerer på noe bestemt. Det eneste kunne være mer konkrete tips om litteratur som bør leses til neste samling. Innser at her røper jeg en innarbeidet tradisjonell tenkning, har også skjönt at vi skal lære gjennom samspillet med hverandre.”

”Har ikke noen gode ideer.”

Deltakar 19

”Samlinga var i det heile ein positiv opplevelse. Kjapp start med arbeid i dei gruppene som vi skal forhalde oss til gjennom kurset.”

”Det å få kontakt med andre kollegaer er viktig. Ikkje minst det å treffe dei du skal forhalde deg til over nettet "ATA" synes eg var vesentlig.”

”Organisering sv overnatting, slik at vi kan ha eit felles utgangspunkt også for aktivitetar på kveldstid. Gjerne også hente inn eit tilbod på overnatting i forkant, om dette er mogleg..”

”Sende ut eit tilbod som deltakarene kan ta stilling til i forkant....”

Deltakar 20

”At det gav rom for ettertanke og videre refleksjoner om ledelse i skolen. Severin og Roar var bra. Mottakelsen var bra. Det første gruppearbeidet, "bordplasseringen var bra.”

”Gruppearbeidet var bra fordi det gav oss en god anledning til å bli kjent og å løse noe sammen. Godt å kjenne til de du skal utveksle informasjon med. Kaffe, svele "tranghet" var bra. Severin var bra, hadde mange gode poeng, vi ble hørt. Roar var direkte og klar i sin tale om Fronter, bra. Alt på kurset var rettet mot oss, jeg kjente meg igjen og det føltes relevant for meg i min hverdag, selvom jeg ikke er leder! Fikk ideer om både ledelse og undervisning. Traff "likesinnede" (lærere) som også bidro til et nyttig kurs. En kan lære mye av å høre om andres erfaringer og måter å løse problem på.”

”Velg foreleser som har forelesninger med avbrudd.”

”Ved avbrytelser, tid til å lese det som legges på overheaden, sist men ikke minst;- tid til å fordøye det vi hører. Foreleser må da heller velge ut stoff på en annen måte, gi oss noe vi heller kan lese selv. Misforstå meg ikke, jeg ønsker ikke at fremtidige forelesere ikke skal få snakke ut en eneste setning. Denne gang tenkte jeg på oppvekstsjefen. Ellers er iallefall jeg svært godt fornøyd, ser fram til neste kurs.”

Deltakar 21

”Fokus på eit viktig tema. Interessant og godt framført, med passe eigenaktivitet inn imellom”

”Viktig å aktualisere temaet.”

”Litt mykje bruk av ukjende og sære faguttrykk. Litt mindre "filosoferende" og akademisk vinkling, kanskje”

”Vil gjerne ha konkrete "knaggar" å henge begrep og tankemodellar på. Viktig at kurset blir matnyttig også. Vi står dagleg i ein leiarposisjon, og har behov for å omsette informasjonen til konkret handling. Men totalt sett synest eg det var interessant.”

Levert utanfor skjema

Deltakar 22

Temaet for første samling er veldig aktuelt i den brytningstida vi er inne i nå. Dette er spørsmål vår skole er svært opptatt av. Til og med lærerne våre begynner å våkne.

Foreleserne er bra og opplegget er stramt med mye informasjon på kort tid. Er spent på fortsettelsen.

Kurssted Volda og spesielt hotellet opplevdes ikke som helt optimalt. Reisen til Volda er både lang og dyr for mange. Ønsker at kurssamlingene kan legges mer mot midten av "nedslagsfeltet" om mulig.

Fronter kunne kanskje vært noe annerledes introdusert. For flere gikk det vel fort og noen savnet en liten brukermanual for at de senere skal komme seg greitt inn igjen.

Stort sett opplevdes kurset som tettpakket, men også positivt.

Deltakar 23

Kva var bra ved kurset?

Programmet lova bra, fordi dei valde tema ville vere et godt bakteppe for resten av kurset.

1. tema ble ok behandla. 2. tema var prega av for mykje stoff i høve til tildelt tid, noko som resulterte i at innleiar sjølv sa at han ikkje kom til poenget - leiing av lærande prosessar.

Positivt med blanda gruppe fra grunn- og vidaregåande skole, fordi vi har mykje å lære av kvarandre og felles problemstillingar. (Kunne ha vore med fleire frå skoleeigarsida.)

Hva kan gjerast annleis?

Ein bør velje innleiarar som har god kjennskap til vidaregåande opplæring også, sidan vi er over halvparten av deltakarane. Og sidan vidaregåande opplæring har særtrekk som kan bidra til å lyse opp fleire sider av problemstillingane.